



MOGEN ANS
Totakvegen 33

3864 RAULAND

Delegert sak nr. 2/26

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
KJELL.CHRI	2025/7486	120/2026	K01	05.01.2026

165/1 - Svar på søknad om snøskuterløyve til utmarksnæring

Vedlegg: Løyve

Dokument i saka:

- Søknad
- *Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdsellova)*
- *Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag*
- *Retningslinjer for handsaming av søknader etter motorferdselslova - vedteke i kommunestyret 15.12.2016, sak 2016/119*

Bakgrunn:

MOGEN ANS har søkt om løyve til transport av materiell og utstyr for utmarksnæringa.

Vurdering:

MOGEN ANS driv med utmarksnæring og det kan difor gjevast løyve til transport av materiell og utstyr i medhald av §5 bokstav d i Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag og kommunens Retningslinjer for handsaming av søknader etter motorferdselslova, vedteke i kommunestyret 15.12.2016. Løyvet gjeld for traseane som vist i kartet.



Einingsleiar sitt vedtak:

MOGEN ANS sin søknad om løyve til utmarksnæring blir innvilga. Løyvet gjeld for 4 år om gongen frå 05.01.2026 og er knytt til verksemda. Frå fyrste måndagen i mai til snøen er berande om hausten/vinteren er all køyring ulovleg.

Det er ein føresetnad at løyvehavar gjer seg kjend med gjeldande reglar for løyvet som er vedtekne i *Retningsliner for handsaming av søknader etter motorferdselslova* – vedteke i kommunestyret 15.12.2016, sak 2016/119.

Løyvehavar er ansvarleg for å skaffe samtykke frå grunneigar før transporten skjer.

Løyvet gjeld for éin snøskuter.

Løyvet skal alltid vera med transporten og visast fram ved kontroll.

Transporten skal nytte traseane vist i kartet som fylgjer løyvet.

Det skal nyttast registrert snøskuter med korrekt kjennemerke.

Køyring skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til plante-, dyre- og fugleliv.

I tråd med formannskapsvedtak 04.09.2025, skal ein ved utskriving av løyve til motorferdsel i utmark fakturere løyvehavar kr 315,- for kostnader knytt til utskriving av løyvet. Faktura blir ettersendt.

Vedtaket kan klagast på innan 3 veker, jf. forvaltningslovas §§ 28 og 29. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Kjell Christenson
konsulent



Løyve til utmarksnæring

Heimel: Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag § 5 bokstav d

LØYVE TIL UTMARKSNÆRING

Løyvet gjeld for:

Mogen ANS, Totakvegen 33, 3864 RAULAND

Haugland Kirsten Torvetjønn

Traseane som skal nyttast er innteikna i kartet.


Løyvet gjeld for 4 år om gongen frå 05.01.2026 og er knytt til verksemda. Frå fyrste måndagen i mai til snøen er berande om hausten/vinteren er all køyring ulovleg.

Løyvet gjeld transport av utstyr og materiell for verksemda.

Løyvehavar er ansvarleg for å skaffe samtykke frå grunneigar før transporten skjer.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet gjeld for éin snøskuter
- Dette løyvet skal alltid vera med transporten, og visast fram ved kontroll
- Transporten skal nytte traseen vist i kartet nedanfor
- Det skal nyttast registrert snøskuter med korrekt kjennemerke
- Køyring skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til plante-, dyre- og fuglevliv





Vinje kommune
Næringskontoret

